

Fylkestingsvalet 2015 – levering av valmaterieil til fylkesvalstyret

Fylkesvalstyret skal kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet på grunnlag av tilsendt valmaterieil frå valstyra, jfr. vallova § 10-8.

Avlevering av valmaterieil

Kommunane skal først telje røystesetlane til fylkesvalstinget og sende valmateriellet til valstyret med ein gong endeleg oppteljing er avslutta. Fylkesvalstyret skal kontrolltelja røystesetlane i Bergen kommune sine lokale frå 16. september. Valmateriellet må difor leverast onsdag 16. september i Bergen rådhus. Der vil fylkesvalstyret sitt valsekretariat vera til stades og ta i mot valmateriellet. For å unngå kø og gjere leveringa så effektiv som mogleg er kvar kommune tildelt ein pulje som skal kome enten kl 11-13 eller kl 13-15.

11:00-13:00	13:00-15:00
Sveio	Jondal
Stord	Os
Bømlo	Fjell
Fitjar	Sund
Tysnes	Askøy
Etne	Meland
Kvinnherad	Radøy
Odda	Øygarden
Ullensvang	Austevoll
Eidfjord	Lindås
Ulvik	Osterøy
Granvin	Samnanger
Modalen	Vaksdal
Masfjorden	Voss
Austrheim	Fusa
Bergen	Kvam
Fedje	

Vi viser elles til valhandboka som presiserer at valmateriellet må sendast omgåande, på raskaste sikre måte, slik at valoppgjeret for fylkestingsvalet ikkje vert seinka unødig. Valstyra bør nytte praktiske ordningar baserte på lokale forhold for å få materiellet raskast mogleg fram til fylkesvalstyret. Der det er praktisk mogleg, bør valstyret organisere direkte transport til fylkesvalstyret. Vedkommande som leverer valmateriellet må kunne ordne med eventuelle manglar før valmateriellet kan overleverast.

Valmateriellet

Valstyret skal sende følgjande valmaterieil til fylkesvalstyret:

Teljekategoriar:

- **alle ordinære førehandsrøystesetlar – med strekkode**
- **alle seint innkomne/lagt til side – med strekkode**
- **alle ordinære valtingsrøystesetlar – med strekkode**
- **alle røyster i særskilt omslag – med strekkode**
- **alle framandrøyster/(alle beredskapsrøyster) – med strekkode**

- alle forkasta røystegjevingar
- alle valkort frå førehandsrøystegjevinga
- alle omslagskonvoluttar frå førehandsrøystegjevinga utanriks og på Svalbard og Jan Mayen
- stadfesta avskrift av det som er protokollert i samband med fylkestingsvalet (møtebok)
- kopi av innkomne klager

Fylkesvalstyret skal og i år kontrolltelja røystesetlane maskinelt (skanning) og alle rettingar vert då registrert. Valstyra kan difor la vera å sortera i retta og uretta bunkar når de pakkar valmateriellet for oversending til fylkesvalstyret. Men i møteboka skal det fordelast og førast på retta og uretta.

Pakking av valmateriellet

Valmateriellet skal pakkast i god orden i forseglta emballasje. Vi ber om at kommunane pakkar røystesetlane i esker med tilhøyrande strekkode. Merk at forseglinga ikkje må dekkje strekkoda eller gjere det naudsynt å øydelegge strekkoda når forseglinga vert brote. Dersom kommunen har så få røystesetlar at dei får plass i ein konvolutt eller ein arkivkasse kan desse brukast, men strekkoda må framleis følgje med den respektive konvolutt/kasse. For det valmateriellet som ikkje treng strekkodar (dei som ikkje er merka med fet skrift over) kan dei samlast i ein eske, konvolutt eller arkivkasse, men det må tydeleg markerast kva som er kva, og behaldaren må forseglast. Dersom det har fleire konvoluttar kan desse samlast i ein eske og da treng berre eska forseglast. Det er ikkje forsvarleg eller i samsvar med forsmålsformuleringane i lova å nytte berre innpakningspapir, plastposar eller liknande for transport av valmaterieil. Det er valstyret sitt ansvar å sjå til at transporten skjer i samsvar med lovkrava.

All valmaterieil er viktig, men korleis de pakkar teljekategoriene er særst viktig. Det er viktig at de pakkar teljekategoriene slik de har telt dei. Det vil seie at om de teljar kretsvis må røystesetlane i dei kategoriene pakkast kretsvis. Ved skanninga som fylkeskommunen gjennomfører held vi oss til esker og strekkodar innafor kvar teljekategori. Skanninga føregår ein eske om gongen, og kan ikkje gjennomførast utan strekkode. Kvar eske skal ha sin eigen strekkode. Dersom de har rekna med fleire esker, og dermed har fleire strekkodar enn de treng, må dette kommenterast å kvitteringa. Det totale talet esker i ein teljekategori må synast på strekkoden. Det vil seie at dersom de har til dømes to esker innafor alle ordinære førehandsrøystesetlar skal dei to strekkodane lese 1/2 og 2/2, ikkje 1/1 og 1/1.

Hugs og at de må pakke slik det teljar. Det vil seie at dersom de teljar krinsvis, må de pakke krinsvis. Det er fordi vi «arvar» den måten de teljar på, så dersom de teljar krinsvis, men pakkar sentralt vil ikkje vi kunne fordelte røystesetlane riktig.

Røystesetlar med blindeskrift skal ikkje pakkast for seg, men skal pakkast i den teljekategorien den skal teljast med. Det er viktig at desse ikkje ligg samla fordi dei da stoppar i skanninga. Legg minst ein vanleg røystesetel mellom kvar røystesetel med blindeskrift.

Røystesetlane skal pakkast i A4-format, ikkje breittast tilbake i A5-format, då det er dette formatet som vert nytta ved skanning. Ver venleg å ikkje pakke røystesetlane i konvoluttar på 50 røystesetlar eller noko tilsvarande innanfor same teljekategori da det vert veldig tidkrevjande å ferdigstille røystesetlane for skanning. Vi minner elles om at stempelen må vera svart. Dette fordi dei skal vere tydelege i skanninga og teljinga skal gå effektivt.

Vedlagt finn de ein kvittering som skal leverast inn saman med valmateriellet. Vi ber om at de fyllar ut to slike med talet på esker og strekkodar for kvar teljekategori. Ved mottak av valmateriellet vil de få ein kvittering signert i retur og den andre vert levert med materiellet. Merk at det på den kvitteringa skal noterast kven som skal kontaktast dersom det er trong for oppklaring, samt kontaktinformasjon til vedkommande. Det vil seie den personen som har kunnskap om innhaldet i valmateriellet.

Kontakt etter levering av valmateriellet

Valstyret sin sekretær, eventuelt leiaren, må vera tilgjengeleg på telefon i veke 37 og 38 dersom fylkesvalstyret skulle ha trong for ytterlegare opplysningar/klargjering utover det som kjem fram av møtebøkene. Det er viktig at alle avvik vert kommentert i møteboka, på ein slik måte at fylkesvalstyret kan forstå kva som har skjedd. Det vil gjere det mindre naudsynt å kontakte kommunen i ettertid.

Frå fylkesadministrasjonen er kontaktperson Ingeborg Borgen Takle, med kontaktinformasjon: 99 51 83 33 og ingeborg.borgen.takle@hfk.no.